



# Tvisteløysingsnemnda

**Vedtaksdato**  
5.03.2025

**Nemndmøte**  
05.03.2025

**Vår referanse**  
2024/210

**Saksbehandlar**  
Birgit Espejord Jensen

## SAK NR 23/25 I TVISTELØYSINGSNEMNDA

### Temaet i saka

Tvist om deltidstilsette sin rett til stilling tilsvarande faktisk arbeidstid etter arbeidsmiljøloven § 14-4 a.

### Arbeidstakar

A

### Arbeidsgivar

B

### Vedtak

A har ikkje rett til stillingsutviding etter arbeidsmiljøloven § 14-4 a.

### Samansetninga av nemnda

Anne Marie Due, leder

Vetle Wetlesen Rasmussen, YS, fast medlem arbeidstakarsida

Andreas Dag Nilsen, KS, fast medlem arbeidsgivarsida

### **Bakgrunnen for saka**

A er fast tilsett som assistent i stilling på 50 prosent hos B, for tiden ved [Lokasjon]. Ho hadde òg ein arbeidsavtale på 30 prosent i perioden 29.11.2022-31.07.2024 som vikar for ein namngjeve person. I tillegg hadde ho ein mellombels arbeidsavtale på 10 prosent i perioden 01.08-31.12.2024 som følgje av eit konkret prosjekt.

Den 10.06.2024 kravde A stillingsutviding på grunnlag av utført meirarbeid dei siste 12 månadene, jf. arbeidsmiljøloven § 14-4 a.

B avslo kravet i brev av 19.09.2024, og grunngav avslaget med at behovet for meirarbeid ikkje lenger føreligg.

### **Dokumenta i saka**

A sende saka til nemnda den 10.10.2024.

Begge partar har fått moglegheit til å komme med utfyllande merknader.

A har sendt følgjande til nemnda:

- brev av 10.10.2024
- brev av 12.11.2024

B har sendt følgjande til nemnda:

- brev av 01.11.2024
- brev av 08.11.2024

### **Arbeidsgivar sitt syn på saka**

B hevdar at A ikkje kan få medhald i kravet sitt fordi det ikkje lenger er det same behovet for vikarar som tidlegare.

Arbeidsgivar hevder at meirarbeid som baserer seg på konkrete vikaravtalar og mellombels avtalar ikkje skal reknast som meirarbeid. Det er då arbeidd 363,17 timar meirarbeid i perioden, og meirarbeidet er jamleg utført.

Det er ikkje behov for A sitt meirarbeid i same omfang frå hausten 2024, fordi fleire tilsette har kome tilbake i arbeid etter foreldrepermisjon og sjukemelding.

B har òg delteke i eit prosjekt som har redusert behovet for vikarar. Det er eit bemanningsprosjekt der [Lokasjon] er tildelt 1,6 årsverk for å auka bemanninga, og som kan brukast til akutt sjukdom og ferie. Deltidstilsette i [Lokasjon] fekk auka stillingane sine mellombels, og A hadde 10 prosent mellombels auke i si stilling ut 2024 som ein del av prosjektet. Vikarbehovet som er no, er ved korttid sjukdom og ferie og er betydeleg mindre enn før prosjektet vert sete i gang.

Det er per i dag ingen ledige stillingar i [Lokasjon].

### **Arbeidstakar sitt syn på saka**

A hevdar at ho har rett til stillingsutviding fordi ho har arbeidd mykje ekstra, òg etter det tidspunktet arbeidsgiver seier at dei ikkje har behov for meirarbeid. Ho har jobba 100 prosent heile tida etter sommarferien, og ikkje 80 prosent. Ho hevdar at dette viser at behovet for meirarbeid framleis er til stades.

Ho viser til at det er fleire som har mellombels stilling kor kontraktar går ut i 2024, og at nokre tilsette skal gå av med pensjon. B har òg lagt ut på sine nettsider at dei treng tilkallingsvikarar, så behovet for meirarbeid er framleis til stades.

### **Lovgrunnlag og kva partane er ueinige om**

Etter arbeidsmiljøloven § 17-2 har Tvisteløysingsnemnda myndigheit til å avgjere tvistar etter arbeidsmiljøloven § 14-4 a:

*Deltidsansatte som de siste 12 måneder jevnlig har arbeidet utover avtalt arbeidstid, har rett til stilling tilsvarende faktisk arbeidstid i denne perioden, med mindre arbeidsgiver kan dokumentere at behovet for merarbeidet ikke lenger foreligger. Tolv månedersperioden skal beregnes med utgangspunkt i det tidspunkt arbeidstaker fremmet sitt krav.*

Både arbeid etter fast deltidstilling og etter mellombelse arbeidsavtalar, for eksempel vikariat, blir rekna som avtalt arbeidstid. Dette inngår derfor ikkje i berekningsgrunnlaget. Dette står i forarbeida til føresegna (Prop. 83 L for 2012-2013, pkt. 4.4.4.2).

Berekningsperioden er 09.06.2023 til og med 10.06.2024. A har hatt avtaler om 30 prosent vikarstilling i perioden i tillegg til den faste deltidstillinga. Arbeid som er utført etter desse kontraktane er difor ikkje «arbeid utover avtalt arbeidstid» og blir ikkje teken med i berekninga.

Viss det ikkje er inngått ein avtale om ei mellombels stillingsutviding, blir meirarbeid rekna som «arbeid utover avtalt arbeidstid» uansett årsaka til meirarbeidet. Dette står i forarbeida til føresegna (Prop. 83 L for 2012-2013, pkt. 4.4.4.2) og er fast praksis i nemnda.

Etter arbeidsmiljøloven § 10-7 skal arbeidsgivar ha oversikt over kor mykje kvar enkelt arbeidstakar jobbar. Viss partane er usamde om kor mykje arbeidstakaren har jobba, og arbeidsgivar ikkje kan dokumentere omfanget, tek nemnda derfor utgangspunkt i arbeidstakar si oversikt. Dette er fast praksis i nemnda.

Nemnda legg til grunn at i berekningsperioden hadde arbeidstakar 50 prosent fast deltidstilling og 30 prosent vikarstilling, og at partane er samde om at arbeidstakar har utført 363,17 timar meirarbeid ut over dette, og at meirarbeidet er jamleg.

Partane er ueinige om det er framleis er behov for meirarbeidet.

## **Grunngivinga til nemnda**

Nemnda har einstemmig kome til B har dokumentert at verksemda ikkje lenger har behov for delar av A sitt meirarbeid.

Nemnda har gjort desse vurderingane:

Arbeidsgivar må dokumentere at verksemda ikkje har behov for meirarbeidet i tida framover. Dette følger av ordlyden i lova og forarbeida.

Planar om endringar i bemanninga må vere konkrete og aktuelle å gjennomføre. Endringane må også redusere behovet for meirarbeid i den avdelinga eller eininga der det er utført. Dette følger av forarbeida og praksisen til nemnda.

Vurderinga av behovet for meirarbeid skal skje på avslagstidspunktet, og behovet må vere borte da, eller i nær tid etter. Ordlyden talar for at det er behovet når arbeidsgivar tek stilling til kravet/eller òg på kravtidspunktet som skal vurderast. Ved lang saksbehandlingstid i nemnda vil nemnda ta utgangspunkt i behovet på avslagstidspunktet. Nemnda har i nokre tilfelle vektlagt planar om nedbemanningar i verksemda som har oppstått etter avslagstidspunktet, men før nemndbehandling.

Nemnda legg til grunn at meirarbeidet har falle bort, då fleire tilsette som var i fødsels- eller sjukepermisjon har kome tilbake i arbeid hausten 2024. Det vert òg tilsett to nye [ansatte] i vår, og dette har ført til at behovet for meirarbeid har minska eller har falle bort. Arbeidsgivar har òg deltatt i eit prosjekt med særleg fokus på å minske vikarbruken, og slik nemnda forstår det har dette prosjektet vore vellukka og minska behovet for meirarbeid for deltidstilsette. Nemnda finn vidare at det meirarbeidet som arbeidstakaren har arbeidd etter berekningsperioden kan tilskrivas prosjektet eller ei konkret vikarstilling.

## **Tvisteløysingsnemnda**

Anne Marie Due  
Leder

5. mars 2025